asplan
viak

Planinitiativ

Detaljregulering for

Gang- og sykkelsti Grokleiv-Kvesmoen

PLAN ID: 2026098



Dato: 26.11.2026

asplanviak.no

Versjon: **01**

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgivar:	Åseral kommune
Tittel på rapport:	Planinitiativ
Oppdragsnamn:	Detaljregulering – Gang- og sykkelsti Grokleiv-Kvesmoen
Oppdragsnummer:	655842-01
Utarbeidt av:	Ida H. Ørnhøi
Oppdragsleder:	Ida H. Ørnhøi
Tilgjengelighet:	Åpen

Ver	Dato	Beskrivelse	Utarb. av	Initialer
02	26.11.2026	Varsel om oppstart	IHØ	
01	2. nov. 2026	Nytt dokument	IHØ	KS

Nøkkelinformasjon

Jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering § 1 vil planinitiativet gjere greie for overordna premisser og omtale intensjonar for det videre planarbeidet.

Planinitiativ for	Detaljregulering Gang – og sykkelsti Grokleiv- Kvesmoen
Utarbeidt av	Ida H. Ørnhøi
Datert	26.11.2026
Ansvarleg plankonsulent:	**Asplan Viak AS**
Namn	Ida H. Ørnhøi
E-post	Ida.ornhoi@asplanviak.no
Telefon	97148083
Forslagsstillar	Åseral kommune
Namn	v/Kari Røynlid
E-post	post@aseral.kommune.no
Telefon	38 28 58 00

Innhald

1. BAKGRUNN 4

1.1. Føremålet med planen (Jf. § 1 andre ledd bokstav a) 4

2. PLANOMRÅDET OG OMGJEVNADENE (Jf. § 1 andre ledd bokstav b) 4

2.1. Planavgrensing og lokalisering 4
2.2. Omtale av planområdet 7

3. 3. PLANSITUASJON OG FØRINGAR (Jf. § 1 andre ledd bokstav g) 8

3.1. Overordna planar og føringar 8
3.2. Kommuneplan 9
3.3. Reguleringsplanar og retningslinjer 10

4. PROSJEKTET (Jf. § 1 andre ledd bokstav c, d og e) 11

5. VERKNADER PÅ OMGJEVNADENE (Jf. § 1 andre ledd bokstav b og f) 11

6. SAMFUNNSTRYGGLEIK – RISIKO OG SÅRBARHEIT (Jf. § 1 andre ledd bokstav i) 12

7. KONSEKVENSUTGREIING (Jf. § 1 andre ledd bokstav l) 13

8. PLANPROSESSEN OG SAMARBEID/MEDVERKNAD (Jf. § 1 andre ledd bokstav h, j og k) 14

8.1. Framdrift 14

1. BAKGRUNN

1.1. Føremålet med planen (Jf. § 1 andre ledd bokstav a)

Føremålet med planen er å leggje til rette for opparbeiding av ein samanhengande gang- og sykkelsti langs fylkesveg 455, Dalevegen på strekninga Grokleiv – Kvesmoen. Strekninga som skal regulerast er om lag 320 meter.

Planforslaget vil regulere området til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, med tilgrensande sideareal. Tilgrensande bustadeigedom vil regulerast til bustadformål og tilgrensande landbrukseigedom vil regulerast med LNF-formål.


Det skal leggjast til rette for ei trafikksikker, funksjonell og arealeffektiv løysing for gåande og syklande. Det vil bli lagt vekt på å etablere ei løysing som gir god framkome og høg trafikksikkerheit for mjuke trafikantar, samstundes som omsynet til eksisterande fylkesveg, avkøyrsler, terrengtilhøve og tilgrensande eigedomar blir vareteke.

2. PLANOMRÅDET OG OMGJEVNADENE (Jf. § 1 andre ledd bokstav b)

2.1. Planavgrensing og lokalisering

Plassering

Planområdet ligger rett sør for sentrum av Kyrkjebygd i Åseral kommune. Strekninga skal binde dei sørlege bustadområda på Kvesmoen/Grokleiv saman med sentrumsområdet i Kyrkjebygd. Traseen startar ved avkøyring til eksisterande bensinstasjon med tilhøyrande næringsbygg og skal koble seg på eksisterande gang-/sykkelsti lenger nord.



Figur 1 Strekning vist med raud strek. Kjelde: kommunekart Åseral kommune - Norkart.



Figur 2 Eksisterande bensinstasjon. Ny GS-veg startar her og kobler seg på eksisterande GS-veg lenger nord. Kjelde: Google streetview.



Figur 3 Gang-/sykkelstien skal koble seg på eksisterande trasé som fortsette nordover. Grunnlagsfoto: Google streetview.

Planavgrensing

Planavgrensninga går frå senterlinje av fylkesvegen og er foreslått i eit belte på 20 meter i nord-sør gåande retning. Den tar med seg avkøyringa til næringsareal i sør og heile bustadeigedomen, Dalevegen 98, som grensar til gang-/sykkelstien.




Figur 4 Forebels planavgrensing

2.2. Omtale av planområdet

Dagens arealbruk

Planområdet omfattar deler av eksisterande fylkesveg med grøfteareal. Det ligg to bustadeigedomar som vert råka av planforslaget, den eine er ein landbrukseigedom og skal vidareførast som dette. Vegstrekket går langs etablerte jorde med dyrka mark.



Figur 5 AR5 - Arealressurskart for området

Eigedomsforhold

Følgjande eigendommar vert råka av planforslaget:

Eigedom			**Adresse**	**Hjemmelshavar**
Kom.nr	Gnr	Bnr		
4224	100	22	Postboks 788 Stoa	Agder Fylkeskommune
4224	3	78	Dalevegen 114	Willy Ljosland
4224	4	28	Dalevegen 80	Anna Kaddeberg
4224	4	148	Gardsvegen 153	Bernt Elias Åsland
4224	4	50	Dalevegen 98	Knut Åsland Thorsland
4224	3	88	Gardsvegen 53	Ivar Åsland / Åsland Synnøve

3. 3. PLANSITUASJON OG FØRINGAR (Jf. § 1 andre ledd bokstav g)

3.1. Overordna planar og føringar

- Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2023-2027

- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Nasjonal jordvernstrategi
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)

3.2. Kommuneplan

Kommuneplanens arealdel for Åseral 2011 -2020

Gjeldande kommuneplan i Åseral vart vedteken i 2011. Her er arealealet som skal regulerast avsett til bustad, men i planens føresegn står reguleringsplanar som omfattar planområdet lista opp samen med planar som framleis skal gjelde.

Revisjon av kommuneplanens arealdel for Åseral 2026-2036


Åseral har nyleg revidert kommuneplanens arealdel. Planen er ikkje endeleg vedteken, men har vore ute til offentleg ettersyn. I planomtalen til forslaget står følgjande om føringar for infrastrukturtiltak:

- *Areal- og transportutvikling for fylkesvegar inn i kommunen skal samordnast med nabokommunane for å få til gode framtidsretta løysningar.*
- *Leggja inn areal til utbetring av flaskehalsar i eksisterande vegnett.*
- *Det skal vera enkelt og trygt å velja sykkel som framkomstmiddel i alle delar av kommunen der dette let seg gjere.*
- ***I Kyrkjebygd skal transport til sentrum, arbeidsplassar, aktivitetar, barnehage og skule i større grad enn nå gå føre seg til fots eller med sykkel. Det skal leggjast vekt på gang og sykkelvegar og trygg ferdsel for mjuke trafikantar.***

Det er òg foreslått framtidig bustadbygging (B3, B56) sør for planområdet og tilknyting til eksisterande bustadsområde langs Grokleiv. Dersom det realiserast bustader her vil desse dra nytte av ei framføring av gang- og sykkelsti.

3.3. Reguleringsplanar og retningslinjer

Gjeldande reguleringsplanar



Området er omfatta av høvesvis reguleringsplan for RV 455 Austrud–Kvesmoen frå 2003 og ein eldre reguleringsplan frå 1977 – *Reguleringsplan for Grokleiv 1*. Areala er regulert til vegformål og LNF

Temaplan for landbruk, Åseral kommune 2026

Temaplan landbruk, Åseral kommune 2026 er utarbeida som ein del av kunnskapsgrunnlaget for kommuneplanens arealdel. Her er jordvern og omsynet til landbruksressursane løfta fram som viktige premissar for framtidig arealbruk. Planen viser mellom anna til lokalisering av dyrka og dyrkbar mark, beiteområde og utfordringar knytt til omdisponering, og peikar på moglege konfliktar mellom utbyggingsføremål og jordbruksareal. Temaplanen skal nyttast som kunnskapsgrunnlag og gje føringar for arealforvaltninga i kommunen. Planforslaget må difor gjere greie for eventuelle konsekvensar for dyrka og dyrkbar mark.

Forholdet til pågåande planarbeid

Det er ikkje kjent at det er pågåande planarbeid som vil påverke planområdet.

4. PROSJEKTET (Jf. § 1 andre ledd bokstav c, d og e)

Som grunnlag for utforming og dimensjonering av gang- og sykkelvegen blir handbok N100 Veg- og gateutforming frå Statens vegvesen lagd til grunn. Val av løysing blir avklart i samråd med kommunen og fylkeskommunen som vegstyresmakt. På grunn av lokale forhold og omsyn til tilgrensande eigedommar og jordvern vil det gjerast naudsynte optimaliseringar og justeringar for å sikra at løysinga blir best mogleg gitt forhalda.

Det vart halde eit møte med Åseral kommune og Agder fylkeskommune 13.11.26, der ulike løysingar vart diskutert, og signal herifrå vil takast med i det vidare planarbeidet.

5. VERKNADER PÅ OMGJEVNADENE (Jf. § 1 andre ledd bokstav b og f)

Planforslaget må vege ulike omsyn med tanke på verknader på miljø og samfunn. Statlege planretningslinjer skal bidra til samordna og berekraftig areal- og transportplanlegging, gode mobilitetsløysingar og tilrettelegging for kollektivtransport, sykling og gange. Samstundes skal arealforvaltninga bidra til å avgrense nedbygging av mellom anna dyrka mark.

Planforslaget råkar dyrka mark, og omsynet til jordvern må difor vegast mot samfunnsnytten ved etablering av eit samanhengande og trafikksikkert tilbod for gåande og syklande. Arealbeslaget skal søkjast avgrensa gjennom val og optimalisering av trasé. Alternative løysingar og konsekvensar for jordbruksareala vert omtalte og vurderte som del av planarbeidet.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er òg relevante fordi eit samanhengande og trafikksikkert gang- og sykkeltilbod bidreg til trygg ferdsel og gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Heilt lokalt vil planforslaget ha innverknad på dei som eige eigedomane som ligg innanfor og tett på planområdet.

For bebuarar i området reiknar ein at tiltaket fyst og fremst vi ha ein positiv verknad mtp betre tilrettelegging for gåande og syklande.

6. SAMFUNNSTRYGGLEIK – RISIKO OG SÅRBARHEIT (Jf. § 1 andre ledd bokstav i)

I samband med planarbeidet skal det utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal kartleggje og vurdere aktuelle risiko- og sårbarheitstilhøve innanfor og i tilknyting til planområdet, og avklare om planlagt arealbruk kan medføre endra risiko. ROS-analysen skal ta utgangspunkt i rettleiaren frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging. Eventuelle behov for risikoreduserande tiltak skal følgjast opp gjennom plankart, føresegner og/eller vidare prosjektering.


Naturfare

Det er i samband med revisjon av kommuneplanens arealdel utført skredfarekartlegging [1](2024) og lagt inn justerte faresoner for skred og flaum. Planområdet ligg utanfor skredfare, og hovudsakleg utanfor flaumfare. Det er ikkje kartlagt kvikkleire i området, men planområdet litt innanfor aktsomhetsområde for marin leire. Fare for områdeskred må avklarast for planen kan vedtakast.

Trafikksikkerheit

ROS-analysen må ta føre seg trafikkfare og eventuelle tiltak for å redusere risiko for uønskte hendingar som følgje av økt trafikk med myke trafikantar langs ein trafikkert veg.

[1] Rapport – Nasjonal skredfarekartlegging 2024. Skredfareutredning – Åseral kommune. Utarbeidet av Multiconsult på oppdrag fra NVE.



Figur 6 Raud skravur syner oppdaterte faresoner for kommuneplanarbeidet

7. KONSEKVENSUTGREIING (Jf. § 1 andre ledd bokstav l)

Planinitiativet er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutgreiingar §§ 6 og 8, jf. vedlegg I og II. Planen legg ikkje til rette for tiltak som fell inn under vedlegg I og som alltid skal konsekvensutgreiast. Planen er òg vurdert opp mot tiltaka i vedlegg II og kriteria for vesentlege verknader for miljø og samfunn. På bakgrunn av tiltaket sin karakter, omfang og lokalisering er det vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram etter forskrifta. Planen legg til rette for eit infrastrukturtiltak i samband med eksisterande fylkesveg.

Relevante verknader av planen for miljø og samfunn vil likevel bli utgreidde og omtala som del av det ordinære planarbeidet, mellom anna gjennom planomtale og ROS-analyse.

8. PLANPROSESSEN OG SAMARBEID/MEDVERKNAD (Jf. § 1 andre ledd bokstav h, j og k)

Planforslaget vil bli fremja gjennom ein ordinær planprosess, i tråd med kapittel 12 i plan- og bygningslova og etter relevante statlege retningslinjer. Styresmakter som vert råka, vil bli varsla ved oppstart av planarbeidet, og vidare dialog vert gjennomført etter behov. Særleg vil det vere viktig å få avklart tilhøve knytt til dyrka mark.

Alle grunneigarar, naboar og motbuarar som vert råka, vil bli varsla og halden orientert i tråd med krava i lova. Aktuelle representantar og råd, som representant for barn og unge, ungdomsråd og fellesrådet skal få planen til uttale.

Det vil bli lagt særleg vekt på god dialog med eigarane av dei to eigedomane som blir direkte råka av tiltaket.

8.1. Framdrift

Planarbeidet vil følgje følgande overordna framdriftsplan:

Aktivitet	**Tid**
Varsel om oppstart	Nov – des 2026
Planarbeid	Januar 2027
1. gangshandsaming	Februar/mars 2027
Offentleg ettersyn	Mars/april 2027
Revisjon og oppretting	April 2027
Vedtak og kunngjering	Mai 2027